



2014

Bygningsvern på Ryfylkemuseet



Ryfylkemuseet

18.02.2014

Bygningssamlinga ved Ryfylkemuseet er bygt opp i perioden 1936 – 2010, med den mest aktive innsamlingsperioden i 1950- og 1960-åra. Den siste tilveksten var bygningane på Li i Suldal, der museet tok på seg eit ansvar for vedlikehald og drift etter at Suldal kommune og Rogaland fylkeskommune kjøpte garden i 2010.¹

Ved utgangen av 2013 utgjer bygningssamlinga 76 bygningar på 15 ulike stader. Det særmerkte ved bygningssamlinga er at dei aller fleste husa står på sine opphavlege tufter. Dei fleste stader er også kulturlandskapet kring bygningane intakt.

Ei overvekt av bygningane har opphav i det gamle bondesamfunnet, men det er også innslag av bygningar frå kyst-/fiskarsamfunn, industri og offentleg verksemd. Ettersom bygningane står i sitt opphavlege miljø er dei fleste uthusa som hørte miljøa til bevarte.

Stav og laft er dominerande bygningskonstruksjonar, men ein finn også viktige innslag av muring med stein. Elles er det ein stor variasjon i materialbruk for kledning, tekking og innreiing.

I tillegg til bygningssamlinga har museet tunge vern- og vedlikehaldsoppgåver knytt til jekta «Brødrene af Sand», og vi er i ferd med å overta ansvaret for M/S «Suldal».

Styret slutta seg til dette framlegget til plan for bygningsvernet ved Ryfylkemuseet i møte 18. februar 2014 (sak 04/14).

VERDIVURDERING AV SAMLINGA

Det er gjennomført eit førebels verdivurdering av bygningssamlinga ut frå Riksantikvarens rettleiing for «Verdisetting og verdivektig av kulturminner». Verdivurderinga og tilstandsanalysen vil bli revidert når Norsk Kulturråds arbeid med ein metode for slikt arbeid blir avslutta.

Riksantikvarens rettleiing bygger på verdiar knytt til kunnskapar, opplevingar og bruk som er knytt til kulturminna. I tillegg vurderer Riksantikvaren eigenskapar som alder, autentisitet, mangfold og variasjon, samanheng og heilskap, oppleving, funksjon m.v., og dessutan kjenneteikn som om kulturminnet er sjeldsynt eller representativt.

I det skjemaet som følgjer som vedlegg til denne planen er verdisettinga forenkla og gitt slike verdiar:

- | | |
|---|--|
| 0 | Ingen eller svært liten verdi for museet |
| 1 | Låg verdi |
| 2 | Middels verdi |

¹ Bygningane til Ryfylkemuseet er omtala i diverse utgåver av FOLK i Ryfylke, årboka til Ryfylkemuseet, og i boka «Innblikk» som kom ut i 2013. I utgreiinga «Bygningsvern på musea» som museet utarbeidde for Kulturdepartementet i 2011 er det gjort forsøk på ein analyse av tilstanden for bygningsvernet ved museet sett i samanheng med tilsvarande arbeid ved dei andre musea i Rogaland.

3 Høg verdi

Dei fleste av bygningssamlingane til Ryfylkemuseet er berarar av høge kunnskapsverdiar og opplevingsverdiar. Grunnlaget for ei slik vurdering er alder og autentisitet, og ikkje minst den samanhengen dei står i ved at dei både står på sine opphavlege tufter, i sitt opphavlege kulturlandskap, og at dei er delar av ein heilskap, som regel delar av eit gardstun. På dette grunnlaget er dei og berarar av høge pedagogiske verdiar, altså som bruksverdi i undervisinga.

For to av samlingane er desse verdiane sannkjent gjennom freding. Det gjeld Kolbeinstveit og Li, men verdien av fleire av dei andre samlingane er ikkje mindre, sjølv om dei ikkje er freda.

Ein kan, ved første augekast, innvende at samlingane har store likskapar. Dei representerer i stor grad minne om det gamle bondesamfunnet. Men ved nærmare kunnskap om samlingane vil ein sjå at dei representerer ei stor breidde i levemåtar og levestandard frå det store og velfødde herskapshuset på Håland til det enkle, fattigslege og samanbygde huset for dyr og folk på Bakken. Og der Li representerer den høgtliggende innlandsgarden med eit frilyndt folkeferd, er Viga den sjøvende garden med sterkt tilknyting til haugianarmiljøet i Hjelmeland.

Forgjengarane våre var svære til å ta på seg ansvar for vedlikehald av kvernhusmiljø. Noen av desse oppgåvene har det lukkast å avvikle, men vi sit framleis med slike avtalar på Øystad i Kvilldal, og i Kvednahola på Ritland/Vasshus. Her har museet tatt på seg store oppgåver, men med svake rettar. Samtidig er dette samlingar som det er vanskeleg å aktivisere i formidlingsarbeidet til museet. Det kan stillast spørsmål ved om det er fornuftig å bruke ressursar på vedlikehald av slike bygningar.

Det same spørsmålet kan stillast om engasjementet i klesstampa på Kvæstad i Suldal. Men dette er eit så sjeldan eksemplar av ein bygningstype som det var mange av, at det er gode grunnar til eit musealt engasjement i bevaring av bygningen.

Noe få bygningar har vi verdsette til «0». Dette er bygningar som kan ha ein eigenverdi i form av alder eller det dei representerer, men for museet har dei liten verdi, og vi vil undersøke utvegen til å avvikle desse. Dette gjeld følgjande bygningar:

Husmannsstova frå Røsselid – står på oversida av vegen ved Kolbeinstveit. Var del av det som kan sjå ut som eit forsøk på utbygging av eit tradisjonelt friluftsmuseum, men fell utanom ideen om det autentiske gardstunet, er vanskeleg tilgjengeleg, og vi har betre husmannsmuseum på Røynevarden og Bakken.

Stølsbu frå Neshei – som også står på oversida av vegen på Kolbeinstveit. Vedlikehaldet har ikkje vore prioritert, og bua er nå i så dårlig forfatning at ho bør sanerast.

Naust i Lalid, Suldal – var brukt som naust for kyrkjebåten i Hamrabø. Har ingen praktisk funksjon lenger (kyrkjebåten ligg i naust på Kolbeinstveit), og er vanskeleg tilgjengeleg.

Løe i Slettedalen, Sauda – følgde med på lasset da samlingane til Kulturminnenemnda i Sauda blei overført til Ryfylkemuseet. Ligg langt av lei og har ingen tilknyting til andre samlingar i Sauda.

Båtsamlinga

I tillegg til bygningssamlingane forvaltar museet to store fartøy, S/J «Brødrene af Sand» og M/S «Suldal». Det første har vore i eiga til museet sidan 1997, det andre vil bli ein del av museet i 2014.

Fartøya er samlingsobjekt i gråsona mellom gjenstand og bygning, men vedlikehald og pleie krev kunnskap og kompetanse som bygningsavdelinga ved museet har.

«Brødrene» gjennomgikk omfattande restaurering i perioden 1997-1999, og er i stor grad blitt ettersett, drifta og vedlikehalde av medlemmar i «Venneforeininga for Brødrene af Sand». Dei har gjort ein imponerande jobb over lang tid, men vi ser at aukande vedlikehaldsbehov, og slitasje på medlemmane i venneforeininga, gjer at det blir større og større behov for innsats frå våre eigne handverkarar.

«Suldal» har også til nå vore eit dugnadsprosjekt, og vi går inn i ein restaureringsfase det vi føreset at hovuddelen av arbeidet blir utført av skipskyndig personale, og finansiert ved hjelp av omframme løyvingar. Vi ser likevel at det er klar svikt i utføringa av det arbeidet som må gjerast på dugnad nå, og er usikre på kva dugnadsinnsats vi kan rekne med i framtida.

Eigarforhold

Det er ulike eigarforhold knytt til dei bygningane og båtane museet forvaltar, og det er ulike historier knytt til innlemminga av bygningane i forvaltaransvaret til museet. Dette fører til ulike utfordringar i arbeidet med vern og vedlikehald av bygningsmassen. Nedanfor følgjer eit oversyn over eigarforholda.

SAMLING	EIGAR BYGNINGAR	GRUNNEIGAR	KOMMENTAR
Kolbeinstveit	Museet	Lars Vasshus	
Røynevarden	Museet	Kåre Djuvik	
Li	Rogaland fylkeskommune og Suldal kommune	Do	Museet tatt på seg forvaltaransvar gjennom avtale
Nesasjøhuset	Museet	Museet	
Håland	Museet	Museet	
Skulemuseet, Jelsa	Den norske kyrkja	Do	
Øystad	Øystad, Bakka og Sukka	Do	Museet tatt på seg forvaltaransvar

			gjennom avtale
Lalid	Hamrabøkrinsen	Ukjent	Museet tatt på seg forvaltaransvar gjennom avtale
Kvednahola	Ritland og Vasshus	Do	Museet tatt på seg forvaltaransvar gjennom avtale
Kvæstad	Ingemund Kvæstad	Do	
Viga	Museet	Oddbjørg Randa Heggland	Leigeavtale for grunn.
Åbøbyen	Museet	Museet	
Hustveit	Staten	Staten	Museet tatt på seg forvaltaransvar gjennom avtale
Slettedalen	Sauda kommune	Ukjent	Museet tillagt forvaltaransvar gjennom kommunalt vedtak
Bakken	Rennesøy kommune	Rennesøy kommune og grunneigar Dalaker	Museet tatt på seg forvaltaransvar gjennom avtale
S/J «Brødrene af Sand»	Museet		
M/S "Suldal"	Foreininga Suldalsdampen		Museet vil bli eigar i 2014

Utfordringa ligg delvis i at eigar eller tidlegare eigar ikkje tar tilstrekkeleg ansvar for utgiftene med vedlikehald og pleie av bygningane, delvis i at museet ikkje har full råderett over bygningar og omgjevnadar, og delvis i at det kan vera uvisse knytt til kor langsiktig perspektiv forvaltinga til museet har.



PROSJEKT «BYGNINGSVERN I RYFYLKE»

Under arbeidet med ein fylkesplan for kulturminne i Rogaland (1985-1987) kom det fram eit sterkt behov for å styrke kompetansen i bygningsvernet. Ryfylkemuseet tok opp denne oppgåva, og lukkast i 1995 med å finansiere eit prosjekt som skulle styrke kunnskapen om bygningsarven i Ryfylke og kompetansen i arbeidet med å ta vare på han. Arbeidet gikk føre seg gjennom ei rekke prosjekt knytt til ulike bygningar der målet var å hente fram tradisjonskunnskap gjennom samarbeid mellom eldre tradisjonsberarar og yngre handverkarar.

Innafor tema muring med stein, treet som virke, konstruksjonar i tre, dører, glas og listverk og tekking av tak med ulikt materiale, blei det gjennomført studium av ståande bygg i heile regionen og intervju av eldre handverkarar. Dette blei registrert gjennom foto og notat.

Innafor same tema, blei det sett i gong såkalla dokumentasjonsprosjekt, der ein fekk med seg eldre lokal tradisjonshandverkarar i praktisk arbeid saman med fagfolk som ønskte å læra. Det heile blei dokumentert med foto og notat av ein dokumentator. Bygningane i Ryfylke er stort sett sette opp av lokale handverkarar som har lært faget gjennom å arbeida i lag med ein som har kunne. Me kollar dei tradisjonsberarar. Og kunnskapen deira er handlingsboren.

Fagfolka har vore eigne museumshandverkarar og andre interesserte. Dokumentatoren var den gongen prosjektmedarbeidaren, og er i dag overtatt av antikvaren på museet. Resultatet så langt er ein masse fotomateriale og notat og fleire artiklar og føredrag. Det viktigaste har likevel vore kompetansehevinga av museumshandverkarane og lokale aktørar gjennom overføringa av kunnskap gjennom arbeid.

Prosjektet blei avslutta i 2000, men gjennom særskilt finansiering blei det muleg å vidareføre arbeidet gjennom noen delprosjekt.

I perioden 2002 til 2010 blei driftsbudsjettet til Ryfylkemuseet styrka slik at det blei muleg å bygge opp ei bygningsavdeling med antikvar/avdelingsleiar og tre handverkarar. I tillegg har det i periodar vore muleg å engasjere ytterlegare personalet med grunnlag i omframme løyvingar. Metodane frå prosjektet er vidareført. Det blir lagt stor vekt på vidare arbeid med framhenting, dokumentasjon og vidareføring av tradisjonskunnskap.²

STATUS FOR BYGNINGSMESSIG VEDLIKEHALD – TILSTANDSANALYSE

Det er gjennomført ei førebels vurdering av tilstand, konsekvensar av tilstanden og behov for tiltak. I skjemaet som følgjer som vedlegg er konklusjonane på desse vurderingane angitt som tiltaksklasser frå 0 til 3:

- TK0 Ingen tiltak nødvendig
- TK1 Behov for alminneleg vedlikehald/førebyggande konservering
- TK 2 Behov for moderate reparasjonar eller ytterlegare undersøkingar
- TK3 Behov for større inngrep

Summen av verdisetting og tilstand er forsøkt vekta ved hjelp av ein faktor for status, der statusen er gitt slike verdiar:

- 1 Ingen spesielle forhold
- 2 Bygningar med manglar eller ufullstendig dokumentasjon
- 3 Freda bygningar eller bygningar av høg antikvarisk verdi

Forsøket på vekting gjer det tydelegare kva oppgåver som bør ha prioritet dei nærmaste åra.

Vi vil understreke at både verdisettinga, tilstandsanalysen, og ikkje minst vektinga, er førebels og gjort på ein enkel måte. Arbeidet må gjerast meir systematisk og grundig når arbeidet til Kulturrådet med å utvikle ein metode for vurdering av bygningar er ferdig.

Det er dei siste åra gjennomført store vedlikehalds-, restaurerings- og rekonstruksjonsarbeid ved fleire av anlegga våre. Dette gjeld særleg Røynevarden og Viga der vi har hatt god nytte av den kompetanseoppbygginga som har gått føre seg over lang tid. Samtidig er det etterslep av vedlikehaldsoppgåver andre stader, det er behov for å rette opp att feil frå tidlegare, ukunnig reparasjonsarbeid og det er eit stort behov for jamt pleie- og vedlikehaldsarbeid. Vi har i tillegg store utfordringar knytt til pleie av kulturlandskapet kring bygningane, der både eigarforhold, formelle rettar og kapasitet står i vegen for å få utført arbeidet slik vi gjerne ville.

² Det er gjort nærmare greie for resultata frå prosjekt «Bygningsvern i Ryfylke» gjennom ei rekke temahefte som blei gitt ut i perioden 1996-1999, og i oppsummert form i FOLK i Ryfylke 2001.

Det står att avsluttande oppgåver i Viga og på Røynevarden i 2014. Dei største oppgåvene etter det vil vera knytt til Li, Hustveit, Åbøbyen, Kolbeinstveit og Håland. I tillegg kjem arbeidet med fartøya. Det blir gjort nærmare greie for oppgåvene i handlingsprogrammet nedanfor.

STATUS FOR IMMATERIELL KULTURARV

Det har vore arbeidd systematisk med framhenting, dokumentasjon og vidareføring av tradisjonskunnskapen i handverksfaga. Det har særleg vore arbeidd med følgjande kunnskapsområde:

- Stavkonstruksjonen (grind)
- Laft – kinningslaft og sinklaft
- Materiale som virke og dimensjonshogst
- Tekking med never og torv
- Riving av never
- Tekking med villheller
- Tradisjonsmuring med og utan leire
- Kalkmørtel og kalkmåling
- Sliping av tradisjonelt handverktøy
- Høvelmaking og høvelbruk



Delar av arbeidsfelta er blitt henta fram og formidla gjennom prosjekt der ein lærer gjennom å gjera. Prosjekta har vore opne for handverkarar som ønskjer å læra seg tradisjonsfag.

For å vekka interessa for tradisjonsfag, har museet opna for ulike former for praksisplasser for ungdomskuleelevar og elevar ved Byggfag. Museet er godkjent som lærebedrift og har hatt lærling i to periodar.

For å styrka kompetansen er det behov for å søkje meir kunnskap i ståande bygningar, då særleg uthusbygningar. Det er særleg viktig på bygningar som står for fall at ein får registrert og dokumentert ulike byggemåtar, verktøysspor, bruk spor og mulege inskripsjonar. Det er viktig med eit stort og breitt materiale dersom ein skal kunne tolka materialet og dra noen slutningar.

Gjennom restaureringsarbeidet hittil har det særleg kome fram behov for å auka kunnskapen på høvelmaking og høvelbruk, og ein studie av strykebenk (skottbenk). Bare gjennom bruk kan ein sjå kva som skal til for at høvelen skal fungera. Dette er kunnskap som veldig få kan, og som krev handverksforsking av handverkaren for å henta opp att og føra vidare.

Det har lenge vore ønskje å læra meir om tekking med bord. Her må det til ein grunnleggande dokumentasjon av restar av ståande tak og intervju me mulege lokale og nasjonale informantar om materialkvalitet, reiskap og bruk.

Det innhenta materialet på dei ulike områda må prøvast ut i rekonstruksjonar av tradisjonsbygg for å komma nærmare den gamle kunnskapen. Slike arbeidsarenaer er godt eigna som formidlingsarena for vidareføring av handverket.

I inneverande periode vil det bli lagt om nevertak på fleire av våre bygningar. Det vil vidare vera behov for restaurering og rekonstruksjon av uteløa og eldhuset på Hustveit, og bordtak på naustet på Kolbeinstveit og fjossvåla på Røynevarden.

ANDRE ARBEIDSOPPGÅVER

Lærearena

Hovudoppgåva for bygningsvernet, og for bygningsavdelinga ved Ryfylkemuseet er å forvalta 75 gamle bygningar. Dei fleste av desse bygningane var gamle og trengte sårt om vedlikehald då dei vart innlemma i museet. Tidleg vedlikehald av bygningane har etterlatt seg få spor om korleis dei var før inngrepa. Dette gjer restaureringsarbeidet i dag vanskeleg, samtidig som det har vore med på å bevisstgjera oss om viktigheita av dokumentasjon før og etter inngrep, og av den prosessuelle dokumentasjonen. Det er viktig at denne dokumentasjonen blir gjort av handverkaren. Det er han som er tettast på bygningen og har kunnskapen om materialet og bruk- og verktøysspor. Det må settast av nødvendig tid til denne dokumentasjonen når restaureringsarbeidet blir planlagt.

Ein kvar arbeidsprosess må sjåast på som ein muleg lærearena, og det må vurderast korleis den skal nyttast:

- Eigen erfaring
- Praksisplass
- Kurs der me er kurshaldarar
- Kurs med ekstern kurshaldar/tradisjonsberar

Og kven som skal læra:

- Intern kompetanseheveing
- Byggfagelevar
- Lokale handverkarar
- Museumsnettverket
-

Bygningsvern i kommunane

Kommunane i Ryfylke har bare i liten grad saksbehandlarar med kompetanse innanfor bygningsvern. I den grad det er ønskjeleg ser me det som ei viktig oppgåve for museet å vera rådgjevar og pådrivar for best muleg bygningsvern i kommunane i regionen. Dette blir gjort fortløpande.

Rådgjeving

For å sikra best muleg bygningsvern i regionen kan museet gje råd i private og offentlege bygningsvernsaker om verneverdi, tilskottsmulegheiter og kven som kan hjelpa med kva. Museet gir råd fortløpande.

Butikk med antikvariske bygningsdelar

Når bygningar i regionen blir rive eller gjort om, tar museet i mot antikvariske bygningsdelar. Formålet er å bygge opp eit delelager til eige bruk, men også for sal for å sikra best muleg bygningsvern i regionen. Til no har det vore mest aktuelt med teglpanner.

Bygningsarkiv

Det er utarbeidd arkivsystem for bygningsavdelinga. Dette er delvis tatt i bruk. I kommande periode vil det bli arbeidd med vidareutvikling av arkivet, bruk og vedlikehald. Det vil vidare bli arbeidd med teikningsarkivet.

Utstillingar

Museumshandverkarane tar del i det praktiske arbeidet med utsattingane til museet. Dette arbeidet omfattar transport av gjenstandar, produksjon av utstillingskomponentar, montering av utstillingar, vedlikehald og demontering.

Vaktmeisteroppgåver

Museet har ingen stilling for vaktmeister. Museumshandverkarane må difor ta seg av oppgåver som kontroll av vatn og avlaup, elektriske installasjonar og brannteknikk, dokumentasjon av dette og avlesing straum og vassmålarar. Dei har og ansvar for vedlikehald av administrasjonsbygningane og påkomne ominnreilingar, rigging for sesongar og arrangement, og vedlikehald av uteområda med inngjerdingar, skilting mm.

MÅL FOR BYGNINGSSAMLINGA PÅ RYFYLKEMUSEET

Bygningsvernet har hatt stor vekt i styringsdokument frå Kulturdepartementet dei siste åra, og er ein del av den satsinga på ei betre samlingsforvalting som Kulturrådet nå arbeider med. Departementet har lagt vekt på både bevaring, kunnskapsproduksjon og formidling, «der bygninger danner utgangspunkt for informasjon om byggeskikk, håndverkstradisjoner, handlingsbåren kunnskap, bruk og opplevelse». Altså ei nokså vid formulering av mål for bygningsvernet.

Ved Ryfylkemuseet ser vi på bygningsvernet ved musea som den strengaste forma for bygningsvern. Her handlar det først og fremst om bevaring, eventuelt rekonstruksjon eller tilbakeføring til ein tidlegare tilstand, på ein slik måte at bygningane, og måten ein arbeider med dei på, kan tene som referansar for freda eller verna hus i offentleg eller privat eige. Bygningsvernet på musea vil såleis, i dei fleste tilfelle, vera overordna behov knytt til bruk av bygningane.

Dette betyr at kunnskapen om konstruksjonar, arbeidsmåtar, materialar og verktøybruk er ein avgjerande del av bygningsvernet. Kunnskapane om den immaterielle delen av bygningsvernet må vera likestilt kunnskapane om bygningane.

Arbeid med bygningsvern ved musea må ha rammevilkår som gjer det muleg å legge ein prosessuell autentisitet til grunn for arbeid med ein del oppgåver. Ein må kunne gjera val som gjer prosessen likeverdig med resultatet. Ei god tiltaksklassifisering vil vera eit viktig utgangspunkt for val av slike oppgåver. Vi vil såleis arbeide vidare med verdiøktig og tiltaksklassifisering når metodane blir meir utvikla.³

Med utgangspunkt i desse føresetnadane er det eit mål for bygningsvernet på Ryfylkemuseet at dei antikvariske bygningane blir vedlikehaldne, reparerte, eventuelt restaurerte og rekonstruerte, på grunnlag av god kunnskap om bygningane sjølv eller tilsvarande bygningar, og at det blir lagt stor vekt på å tilegne oss, dokumentere og vidareføre den handlingsborne tradisjonskunnen knytt til materialbruk, arbeidsmåtar, verktøybruk og forståing av berande konstruksjonar. Berre på denne måten kan bygningane, og arbeidet med dei, bli eit godt utgangspunkt for forsking og formidling.⁴



RESSURSBRUK OG ORGANISERING

Bygningsforvaltinga ved Ryfylkemuseet er organisert i ei bygningsavdeling med dette personalet:

³ Drøftinga av eit heilskapssyn på kva kompetanse som er nødvendig for å drive eit kunnskapsbasert bygningsvern blir vidareført av Terje Planke i artikkelen «*Bygningens mønster – om sammenhenger i et kulturminne*».

⁴ Krav til arbeid med bygningsvern på musea, og særleg til dokumentasjonen, er nærmest omtala i «Handbok i dokumentasjon av bygningar», Ryfylkemuseet/Byggnettverket 2008.

- 1 avdelingsleiar
- 1 driftsleiar, møbelsnekkar
- 2 museumshandverkarar, tømrarar

For tida (2014-2015) er det tilsett ein lærling i 50 % stilling, tømmer

Det blir søkt om ekstra midlar ved kvart høve som byr seg for prosjektstøtte. I perioden 2011-2013 har det vore tilsette prosjekthandverkarar og leigd inn ekstrahjelp til restaurerinsarbeida i Viga.

Avdelingsleiaren har ansvar for det antikvariske arbeidet, innhenting av rett kompetanse, , driva innsamlingsarbeid, organisera kompetanseutviklande tiltak, finansiering og budsjettkontroll.

Avdelingsleiaren har ansvar for grunndokumentasjon av bygningane på museet, dokumentasjon før tiltak på ein bygning, og rapportskriving etter tiltak.

Avdelingsleiaren har ansvar for arkivet.

Driftsleiaren har ansvaret for organisering og leiing av arbeidet på byggeplassen, faglege vurderingar og for å ta opp problemstillingar med avdelingsleiaren. Han har også ansvaret for materialbestilling etter samråd med avdelingsleiaren.

Museumshandverkarane har ansvar for å dokumentera og skriva dagsrapportar før og under arbeidsprosessen, og etter at tiltaket er utført. Rapportane skal arkiverast i bygningsarkivet.

Det er eit ønskje at ein på sikt kan spissa handverkskompetansen på ulike fagområde, særleg retta mot grunn- og murarbeider, og mot båtar.



HANDLINGSPROGRAM 2014-2017

Organisasjon

Rollefordelinga ved bygningsavdelinga er klar og god, med god respekt for kvarandres arbeidsfelt. Ein har hatt problem med for høge ambisjonar om mål for arbeidet. Ikkje minst kjem det av at ein ser eit akcelererande forfall. Dette skaper sterk frustrasjon. I handlingsplanen for kommande periode vil me prøva vera meir realistiske i forhold til dei relativt små resursane me rår over. Sjå vedlikehalds- og sikringsplan nedanfor.

Kompetanseheving og nettverksamarbeid

BYGGNETTVERKET

Ryfylkemuseet er leiar av Nasjonalt nettverk for bygningsvern på musea. Me er instilt på å halda fram som leiar, men ser behovet for å velja eit arbeidsutval for å spreia programansvar og styring på fleire av medlemmane.

Byggnettverket har ei samling i året med fagleg innhald. Møta ambulerer, og tema blir lagt opp til det arrangørmuseet er opptatt av. Møta held eit godt fagleg nivå. Museet har sett det

som viktig å delta med alle hjå oss som arbeider med bygningsvern på samlingane, inkludert direktøren, då me ser behovet for ei felles forståing for korleis me skal arbeida.

Byggnettverket har tatt initiativ overfor Norsk Kulturråd om eit nasjonalt seminar om bygningsvernet på museum. Her ventar me på svar.

Byggnettverket samarbeider med Handverksnettet om informasjonsutveksling og om ein nordisk bygningsvern kongress i september 2014.

EØS-PROSJEKT I POLEN

Perioden 2014-2015 vil vera prega av at me har oppnådd midlar til eit samarbeid med Muzeum Rolnictwa w Ciechanowcu i Polen. Formålet med samarbeidet er å utvikle kompetanse på bevaring og dokumentasjon av tømra bygningar. Det er planlagt eit seminar i Norge hausten 2014 og to samlingar i Polen i 2015. Detaljene i programmet er ikkje avklara, og det er førebels noe usikkert kven som deltar kor, men også her bør alle ledd i organisasjonen vera med .

ICOM - ICR OG DEMHIST

Tilsette ved museet er medlemmar i ICOMs komitear for regionale museum (ICR) og for historiske hus (DEMHIST). Det er viktig å få eit internasjonalt perspektiv på det me driv med, og det er mykje å læra av å sjå korleis andre jobbar og å få deira blikk på vårt arbeid. Avhengig av kva program som blir presentert, vil me søkja å delta på samlingane deira.

LOKALT HANDVERKSNETTVERK

Gjennom våre ulike prosjekt og kurs knytt til arbeidet på anlegga våre, har me bygd opp eit breitt register over lokale handverkarar som får all informasjon om kompetanseheving museet tilbyr. Prosjekta er blitt ein møtestad for spesielt interesserte handverkarar frå heile regionen. Det blir lagt opp til neverriving kvar sommar. Hausten 2014 blir det samling rundt restaurering av Eikjeløa på Hustveit.

DIGITALT NETTVERK

Museet har meldt seg inn i «Norsk Skottbenk Union – Foreining for fremje av skottbenken» og «Høvelbenk – Snikkaren sin arbeidsbenk». Dette er bloggar for tradisjonshandverkarar der ein fortel om det ein finn og forskar på, og er ein stad for utveksling av kunnskap og erfaring.

Me er også med på Facebook «Tradisjonshandverk og restaurering», der det blir utveksla meningar og erfaringar mellom fagfolk.

DOKUMENTASJON OG FORSKING

Som lekk i kompetansehevinga i bygningsvernet vil ein stadig utnytte mulegheitene til auka kunnskapen om byggeskikken i regionen. I kommande periode vil vi registrera og dokumentera ståande bygg innanfor fagområda

- Bordtak
- Torvtak
- Uthusbygningar
-

der vi søker etter verktøysspor og bruksspor, dimensjonar og byggemåte.

Gjennom arbeidet med løa i Viga har det vore behov for å læra om høvling. Dette har ført oss til strykebenk og høvelbenk og bruk av okshøvel. Me har sett i stand ein gamal strykebenk og laga nye høvlar. Gjennom bruk, er det muleg å justera seg fram til optimal funksjon.

Vedlikehalds- og sikringsplan

Det er utarbeidd eigen sikringsplan for bygningane på museet. Denne blir ikkje omtala her.

Det blir kvart år gjennomført ein eigen vedlikehaldsrunde der alle handslokkeapparat blir henta inn, sjekka og fylt på, og plassert ut att. El.anlegg, røykvarslarar, vassrør blir sjekka. Alle tak og piper blir sjekka, og bygningane blir systematisk gjennomgått. Feil og manglar blir notert og lagt inn i FDV skjema.

Vedlikehaldsoppgåvene for bygningane i kommande periode er lagt inn i handlingsplanen. Hovudoppgåvene vil vera følgjande:

- Ferdiggjering av løa i Viga 2014
- Ferdiggjering av løa på Røynevarden 2014
- Eikjeløa på Hustveit 2014
- Håkonsgt. 51/53 2014/15 avhengig av eksternt tilskott
- Stovehus, løetak, hjulhus, vassrenner på Hustveit 2015 – 2016
- Kvednahola på Vasshus 2016
- Stovehus, smie, stall, løe på Kolbeinstveit 2017

Formidling

Kunnskap om bygningsvern og tradisjonskunnskap blir formidla gjennom museet si årbok kvart år. I 2014 blir bygningane på Håland tema. I 2015 vil tema vera Li. I tillegg blir det skrive artiklar for andre trykksaker på førespurnad.

Det blir halde foredrag på førespurnad og elles når det måtte passe inn. Rundt 10 foredrag pr. år.

På Hustveit er det ein permanent utstilling om stavkonstruksjonen i løa. Denne er open heile året.

Det blir kvart år arrangert ein familiedag ved eit anlegg der det går føre seg eit arbeid: «Kom og sjå kva handverkaren gjer». Det blir halde eit foredrag om staden og arbeidet, og det blir lagt opp til aktivitetar der ungane kan få prøva seg med bruk av tradisjonelt handverktøy. Ein ser det som viktig å få skapt interesse så tidleg som råd.

Museet tar i mot elevar som skal ha praksis frå ungdomskulen og frå vidaregåande skule byggfag. Dei får då kjennskap til tradisjonelt verktøy og materialbruk. For byggfagselevane tilbyr me praksisplass ut over det som er obligatorisk. Her er det muleg å rekruttera lærling som ønskjer å kvalifisera seg til restaurerings arbeid. Hausten 2014 vil ferdiggjering av løa på Røynevarden vera eit slikt prosjekt.

Museet er godkjent opplæringsbedrift på vilkår av at vi samarbeider med entreprenørfirma som kan gje opplæring i moderne bygg. Fagprøva blir to-delt. For tida har me lærling som skal ta fagprøve sommaren 2015. Målet er å utdanna gode handverkarar med god materialforsting og god holdning til restaureringshandverket.

Gjennom dokumentasjonsprosjekt og kurssamlingar i høve arbeid på anlegga våre, ønskjer me å auka kompetansen på tradisjonshandverk og bygningsvern hjå lokale aktørar. Samlingane blir lyst ut i alle lokalavisar, på vår heimeside og Facebook, i tillegg til at det blir sendt ut invitasjon til det lokale handverksnettverket og det nasjonale Byggnettverket. Mulege dokumentasjonsprosjekt i kommande periode:

- Nevertaking
- Eikjeløa på Hustveit (stav og torvtak)
- Omlegging av taket på løa på Hustveit (torvtak)
- Rekonstruksjon av eldhuset på Hustveit (stav, kledning og torvtak)
- Restaurering av kvernhus og tørke i Viga (laft)
- Tak på naustet på Kolbeinstveit (bord)
- Tak på fjossvåla på løa på Røynevarden (bord)

UTTALE FRÅ STYRET

Kulturdepartementet har dei siste åra lagt til grunn «at museet set av nok midlar til både ordinært og periodisk vedlikehald av heile bygningsmassen og utstillingane», og det har bedt om at «styret må gjera greie for om innsatsen på dette feltet er fullnøyande».

Ryfylkemuseet disponerer i 2014 ca. 15 årsverk. Av desse er 4 årsverk direkte knytt til bygningsvernet. Dette er ein relativt sterk innsats samanlikna med andre museum. Det er vanskeleg å sjå korleis ein kan prioritere bygningsvernet enda sterkare utan at det skal gå ut over andre viktige oppgåver knytt til samlingsforvaltinga, forsking, formidling, fornying og administrasjon.

Da Ryfylkemuseet blei etablert som regionmuseum i 1981 fekk det med seg ein arv på kring 50 bygningar frå eit Rogaland Folkemuseum som aldri hadde hatt tilsett personale til å drive med bygningsvedlikehald. Først i 1995 lukkast det å oppnå nødvendig driftsstøtte til å kunne opprette ei fast stilling for museumshandverkar. Det gikk ytterlegare 15 år før vi kom opp i den bemanninga vi har nå.

Bakgrunnen for etableringa av Ryfylkemuseet, og den underfinansieringa som museet har mått leva med, har generert eit stort etterslep av vedlikehaldsoppgåver. Mangel på kunnskap har gjort at ein del av det reparasjonsarbeidet som blei sett i gang ikkje tilfredsstiller dei kvalitetskrava vi må stille til bygningsbevaring på museum.

Styrkinga av bemanninga har gjort at vi gradvis har kunna ta i ferde med dei mest akutte oppgåvene, og det er dei siste åra gjennomført store restaureringsoppgåver t.d. på husmannsplassen Røynevarden i Suldal og i Viga-tunet i Hjelmeland. Vi trudde ei stund at denne bemanninga var greitt balansert i forhold til oppgåvene. Men vi ser nå at oppgåvene framleis er for store til at vi innan rimeleg tid kan ha som mål å komma så pass ajour at vi i større grad kan drive med førebyggande pleie av bygningane enn reparasjon. Det våte og milde vinterklimaet gjer at vedlikehaldsbehovet aukar. Vi ser nå at det trengs fleire handverkarstillinga ein periode for å nå dette målet. Når ein er komen opp på eit tilfredsstillande tilstandsnivå, vil 4 handverkarstillingar vera ei minimumsbemannning. Med 4 handverkarar er det muleg å arbeida med to arbeidslag, og ein vil kunne spreia ulik spisskompetanse på fleire personar.

På denne bakgrunnen kan vi ikkje seia at vi set av nok midlar til ein fullnøyande innsats innafor bygningsvernet, men vi ser heller ikkje korleis vi skal kunne få dette til innafor dei økonomiske rammene vi arbeider innafor, om vi samtidig skal arbeide mot dei andre måla som er formulert for musea.

VURDERING AV ANTIKVARISKE BYGNINGAR

Samandraget bygger på Riksantikvarens skjema for verdisetting og verdivekting av kulturminne, og på NS-EN 16096:2012 om tilstandsanalyse

NR	BYGNING	VERDI	+TILSTAND	*VEKTING	=KONKLUSJON
KOLBEINSTVEIT					
6.1.1.11	Stovehus	3	2	3	15
6.1.1.12	Løe	3	2	3	15
6.1.1.13	Stall	3	1	3	12
6.1.1.14	Smie	3	1	2	8
6.1.1.15	Eldhus	2	1	1	3
6.1.1.16	Loft, Guggedal	3	1	3	12
6.1.1.17	Kvernhus, Nerheim	2	1	1	3
6.1.1.18	Tørke, Helganes	2	1	1	3
6.1.1.10	Stovehus, Røsselid	0	0	0	0
6.1.1.20	Badstove, Guggedal	2	1	1	3
6.1.1.21	Stølsbu, Neshei	0	0	0	0
6.1.1.22	Stabbur, Bleskestad	2	1	1	3
6.1.1.24	Hus for trøskjeverk	1	1	1	2
6.1.1.25	Naust	3	2	2	12
6.1.1.96	Hjulhus	0	1	1	1
6.1.1.?	Brygge	1	2	2	6
RØYNEVARDEN					
6.1.2.11	Gamlestova	3	1	3	12
6.1.2.12	Nystova	3	1	3	12
6.1.2.13	Eldhus	3	1	3	12
6.1.2.14	Geitfjøs	3	1	3	12
6.1.2.15	Sauhus	3	1	3	12
6.1.2.16	Løe	3	2	2	15
LI					
6.1.3.11	Stovehus	3	2	3	15
6.1.3.12	Littlestova	3	2	3	15
6.1.3.13	Løa	3	2	3	15
6.1.3.14	Smalehus	3	2	3	15
6.1.3.15	Grishus	3	2	3	15
6.1.3.16	Stall	3	2	3	15
6.1.3.17	Øvre bua	3	2	3	15
6.1.3.18	Nedre bua	3	2	3	15
6.1.3.19	Stabbur	3	1	3	12
6.1.3.20	Gamle løa	3	2	3	15
6.1.3.21	Eldhus	3	2	3	15
6.1.3.22	Endebua	3	1	3	12
6.1.3.23	Naust	3	2	3	15

	SAND				
6.1.4.11	Nesasjøhuset	3	2	1	5
	HÅLAND				
6.1.5.11	Målastova	3	2	3	15
6.1.5.12	Homannsbua	2	2	3	12
6.1.5.13	Stovehus	3	1	3	12
	JELSA				
6.1.6.11	Skulehus	3	2	3	15
	ØYSTAD				
6.1.7.11	Kvernhus, Øystad	2	1	1	3
6.1.7.12	Tørke, Øystad	2	1	1	3
	LALID				
6.1.8.11	Naust, Lalid	0	0	0	0
	KVEDNAHOLA				
6.1.8.12	Tørke, Ritland	2	3	1	5
6.1.8.13	Sag, Ritland	2	3	1	5
6.1.8.14	Kvern, Vasshus	2	3	1	5
6.1.8.15	Tørke, Vasshus	2	3	1	5
	KVÆSTAD				
6.1.9.11	Stampa, Kvæstad	3	1	3	12
6.1.9.12	Halvtekja	3	1	3	12
	VIGA				
6.2.1.11	Stovehus	3	1	3	12
6.2.1.12	Sisselastova	3	1	3	12
6.2.1.13	Stabbur	3	1	3	12
6.2.1.14	Eldhus	3	1	3	12
6.2.1.15	Løe	3	3	3	18
6.2.1.16	Vetlehus	3	1	1	4
6.2.1.17	Fyrhus	2	1	1	3
6.2.1.18	Naust	3	2	1	5
6.2.1.19	Kvernhus	2	3	1	5
6.2.1.20	Korntørke	2	3	1	5
	ÅBØBYEN				
6.3.1.11	Bustadhús	3	3	3	18
6.3.1.12	Sykkelbod	3	2	3	15
	HUSTVEIT				
6.3.2.11	Stovehus	3	3	3	18
6.3.2.12	Vannhus	3	3	1	6
6.3.2.13	Eldhus				

6.3.2.14	Smie	3	1	1	4
6.3.2.15	Jordkjeller	3	1	3	12
6.3.2.16	Hjulhus	3	3	2	12
6.3.2.18	Sommarfjos	3	1	3	12
6.3.2.20	Sag	3	3	3	18
6.3.2.21	Kvernhus	3	3	3	18
6.3.2.22	Korntørke	3	3	3	18
6.3.2.23	Løe	3	2	2	10
6.3.2.25	Eikjeløa (uteløe)	3	3	2	12
	SLETTEDALEN				
6.3.3.11	Løe	0	0	0	0
	BAKKEN				
6.7.1.11	Stovehus med løe	3	1	1	4
6.7.1.12	Jordkjellar	3	1	1	4
I alt: 76					
bygningar					